



Årsrapport 2014 for revisjonsutvalet og internrevisjonen

Februar 2015

1 INNLEIING OG INNHALD

Revisjonsutvalet og internrevisjonen i Helse Vest er begge ledd i å styrke styret si overvaking av internkontrollen. Dette dokumentet utgjør i samsvar med gjeldende instruksar den årlege rapporten om utvalet og internrevisjonen sitt arbeid.

Årsrapporten har dette innhaldet:

1 Innleiing og innhald	2
2 Revisjonsutvalet.....	3
2.1 Formål og samansetnad.....	3
2.2 Oppgåver	3
2.3 Møte og saker	3
3 Internrevisjonen.....	4
3.1 Formål og samansetnad.....	4
3.2 Oppgåver	4
3.3 Fagleg fundament og eksterne dialogar	5
4 Internrevisjonsprosjekt i 2014	6
4.1 Ny rapport: Medisinsk-teknisk utstyr	6
4.2 Ny rapport: Tvangsbruken i psykisk helse.....	6
4.3 Oppfølging av: Pasientreiser.....	7
4.4 Oppfølging av: Tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB).....	7
4.5 Særleg omtale: Kreftbehandling.....	8
4.6 Nytt prosjekt: Innkjøp	8
4.7 Nytt prosjekt: Rehabilitering.....	8
4.8 Nytt prosjekt: Bierverv.....	9

2 REVISJONSUTVALET

2.1 FORMÅL OG SAMANSETNAD

Revisjonsutvalet er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa.

Revisjonsutvalet hadde i 2014 følgjande samansetnad:

- Lise Reinertsen, leiar
- Reidun Johansen
- Gunnar Berge

2.2 OPPGÅVER

Revisjonsutvalet skal:

- Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre :
 - målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
 - påliteleg styringsinformasjon
 - etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
 - oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.
- Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon og ekstern revisjon.

2.3 MØTE OG SAKER

Revisjonsutvalet har hatt 5 møte og handsama 42 saker i 2014. Det siste er om lag ei dobling frå året før. Protokollane frå utvalet sine møte vert lagt fram for styret til orientering.

To av medlemmene i utvalet var nye i 2014.

Internrevisjonen er sekretær for utvalet. Frå administrasjonen i Helse Vest RHF deltek eigardirektør og økonomi- og finansdirektør fast, med talerett. Møta er opne for andre.

Utvalet har fått rapportar frå to **internrevisjonsprosjekt** i løpet av året og har behandla oppstart av internrevisjon på to nye prosjekt. Vidare har utvalet hatt saker knytt til oppfølging av to tidlegare prosjekt.

Utvalet har hatt særskilte orienteringer frå administrasjonen om utvalde sider ved **internkontrollen**.

Som tidlegare år gjekk **ekstern revisor** gjennom si revisjonsmelding, ved behandlinga av årsrekneskapen på våren. Nytt i 2014 var at dei på hausten gjekk gjennom si revisjonsplanlegging for kommande år.

3 INTERNREVISJONEN

3.1 FORMÅL OG SAMANSETNAD

Internrevisjonen skal på vegner av styret i Helse Vest RHF overvake og bidra til forbetringar i føretaksgruppa si verksemdstyring, risikostyring og internkontroll.

Internrevisjonen har sidan 2011 hatt tre stillingar. Både før og etter har det vore lite stabilitet knytt til bemanninga. I 2014 har bemanninga vore stabil.

Internrevisjonen har tidlegare brukt innleidd kompetanse i gjennomføring av prosjekta. På slutten av året blei det satt i gang prosess for å leige inn konsulenthjelp til eit nytt prosjekt med oppstart på nyåret.

Vidare har vi tidlegare år hatt enkelte samarbeidsprosjekt med internrevisjonane i dei andre fire helseregionane. Det var ikkje slike prosjekt i 2014.

3.2 OPPGÅVER

Innan hovudoppgåva med **stadfestingar** er det avslutta to prosjekt i 2014, nærare omtale seinare i årsrapporten.

Oppfølging av tidlegare prosjekt er vektlagt, for å sikre gjennomføring av vedtekne tiltak. Erfaringa viser at det er nødvendig å vere klar overfor både RHF og HF på premissene for denne oppfølginga, for å sikre gjennomføring av dei tiltak styret i Helse Vest og føretaksstyra, har vedtatt.

I tillegg til stadfestingsoppgåva (prosjekta) skal internrevisjonen på uavhengig og objektivt vis kunne gje **uttalar og råd** for å bidra til verdiskaping i føretaksgruppa. Vidare skal internrevisjonen vurdere korleis føretaksgruppa handterer **risikoen for mislige**

tilhøve. Disse to oppgåvene blir i hovudsak integrert i dei prosjekta revisjonen gjennomfører. **Sekretariatsoppgåvene** er òg noko som krev kapasitet gjennom året.

Virkeområdet til internrevisjonen er heile føretaksgruppa, altså dei fem helseføretaka og Helse Vest IKT AS. Internrevisjonen har også høve til å gjennomføre kontrollar i avtaleinstitusjonar og -spesialistar innan dei rammene som er sett i gjeldande avtalar. Dermed femner internrevisjon heilskapen i det som utgjør "sørgje-for"-ansvaret.

Internrevisjonen er **fagleg uavhengig** av linjeorganisasjonen og rapporterer til revisjonsutvalet og styret, administrativt til administrerande direktør i Helse Vest RHF. I tråd med internasjonale standardar skal leiar for internrevisjonen minst årleg stadfeste for styret sin uavhengige rolle. Internrevisor vil for 2014 gi uttrykk for at det ikkje har vore tilfelle der internrevisjonen si uavhengige posisjon har blitt utfordra av nokon part, og leiar for internrevisjonen seier seg tilfreds med den rolla funksjonen har i føretaksstrukturen.

Internrevisjonen har jamlege møte i **revisjonsutvalet** og faste **kontaktmøte** med administrerande direktør, eigardirektør og økonomi- og finansdirektør.

3.3 FAGLEG FUNDAMENT OG EKSTERNE DIALOGAR

Internrevisjonsfunksjonen utøver sitt virke med basis i **lov** om helseføretak, **instruks** fastsett av styret i Helse Vest RHF og **standardar** frå Institute of Internal Auditors (IIA). Standardane inneheld etiske reglar og krav til profesjonell utøving av intern revisjon. Både leiar og medarbeidarar i internrevisjonen er medlemmer av Norges Interne Revisors Forening, NIRF. Det har vore, og vil fortsett vere, eit behov for å bygge opp **kompetansen** på internrevisjon som fag.

Internrevisjonseiningane i dei regionale helseføretaka har som nemnt i tidlegare årsrapporter eit tett samarbeid. Samarbeidet fungerer svært godt og er nyttig gitt einingane sin likskap i størrelse og funksjon. Det har også i 2014 vore møter på leiarnivå og med alle medarbeidarane.

Vidare har internrevisjonen som tidlegare år hatt informasjons- og erfaringsutvekslingsmøte med **Riksrevisjonen**.

4 INTERNREVISJONSPROSJEKT I 2014

4.1 NY RAPPORT: MEDISINSK-TEKNISK UTSTYR

Dette var eit arbeid som tok til hausten 2013, med ferdigstilling sommaren 2014.

Formålet med prosjektet var å sjå korleis helseføretaka arbeider for at det medisinsk-tekniske utstyret (MTU) blir anskaffa, halde ved like og avhenda på eit trygt, kostnads-effektivt og formålstenleg vis.

Prosjektet tok for seg heile livssyklusen til utstyret i dei fire helseføretaka, samt rolla til RHF-et.

Hovudkonklusjonen i rapporten var at føretaka såg ut til å ha tilfredstillande system og kontroll over det medisinsk-tekniske utstyret sitt. Rutinane for anskaffing og drift syntest å vere tilfredsstillande, sett i føretaksperspektiv. I liten grad hadde føretaka samarbeidd om anskaffing av utstyr eller den tekniske drifta av det, heller ikkje om utvikling av felles rutinar for opplæring og vedlikehald. RHF-et si involvering hadde hovudsakleg skjedd innan tilrettelegging og utvikling av felles systemløyisingar. Internrevisjonen vurderte det i rapporten slik at organisasjonen var moden for å prøve ut regionale løyisingar der det kunne gi gevinstar.

Rapporten blei behandla av revisjonsutval og styre i Helse Vest hausten 2014. To av føretaksstyra behandla òg rapporten i 2014, medan dei to andre utsette framlegginga til 2015.

4.2 NY RAPPORT: TVANGSBRUKEN I PSYKISK HELSE

Dette var eit arbeid som tok til hausten 2013, med ferdigstilling sommaren 2014.

Formålet med prosjektet var å undersøkje om Helse Vest hadde gode prosessar som sikra at tvangsbruken var i samsvar med regelverk og med eksterne og interne retningslinjer.

Prosjekta femna dei fire helseføretaka og rolla til RHF-et.

Hovudkonklusjon i rapporten var at institusjonane og føretaka i Helse Vest hadde tilfredsstillande prosessar for å sikre at tvangsbruken er i samsvar med regelverk og andre retningslinjer. Der var òg klare indikasjonar på at det er systematiske skilnader i regionen når det gjeld kor sannsynleg det er for at pasientane blir tvangsinnlagde og deretter utsette for ulike tvangsmiddel under behandlinga. Dessutan fann ein i revisjo-

nen at det var svært store svakheiter i samband med registrering og rapportering av omfanget.

Rapporten blei behandla av revisjonsutval og styre i Helse Vest hausten 2014. To av føretaksstyra behandla òg rapporten i 2014, medan dei to andre utsette framlegginga til 2015.

4.3 OPPFØLGING AV: PASIENTREISER

Dette var eit prosjekt som gjekk føre seg frå hausten 2012 til sommaren 2013. Internrevisjonen i Helse Vest RHF samarbeidde med internrevisjonane i dei andre regionale helseføretaka og internrevisjonen i Pasientreiser ANS om denne revisjonen. Det vart utarbeidd ein felles revisjonsrapport og ein eigen omtale av Helse Vest.

Formålet med samarbeidsrevisjonen var å kartlegge og vurdere i kva grad det var god styring og kontroll i dei sentrale, tverrgåande arbeidsprosessane mellom helseføretak som har pasientreisekontor og Pasientreiser ANS.

Internrevisjonen utarbeidde i 2014 to saker til revisjonsutvalet om oppfølging av rapporten og dei handlingsplanane som helseføretaka hadde vedtatt. Den første oppfølginga gjekk på korleis våre eigne føretak hadde arbeidd. Tilbakemeldinga var så positiv at ein ikkje så grunn til å gå vidare med den delen.

Derimot skjedde det ein del på den nasjonale arenaen som gjorde at det var ønskeleg med ein ekstra avsjekk på slutten av året. Konklusjonen var her den same, ein fann ikkje grunn til å gå vidare på dette feltet med basis i den gjennomførte internrevisjon.

4.4 OPPFØLGING AV: TVERRFAGLEG SPESIALISERT BEHANDLING AV RUSMIDDELAVHENGIGE (TSB)

Dette arbeidet var knytt til oppfølging av tidlegare rapport, frå 2012. Den hadde tatt for seg både dei private institusjonane med avtale, og helseføretaka sitt eige arbeid på rusfeltet.

Formålet var å sjå nærare på korleis spesialisthelsetenesta legg til rette for heilskaplege pasientforløp innan TSB.

Dette var ei ganske omfattande oppfølging i fleire omgangar. Den første fann stad i 2013 og med så mange hol at det var nødvendig med ytterlegare oppfølging i 2014.

Dessutan hadde styret i Helse Vest bedt om ei særskilt tilbakemelding. I løpet av 2014 vart det lagt fram saker om dette i både revisjonsutval og styre.

Konklusjonen var at ein ikkje går vidare med ytterligare oppfølging med basis i den gjennomførte internrevisjonen.

4.5 SÆRLEG OMTALE: KREFTBEHANDLING

Formålet med prosjektet var å sjå korleis spesialisthelsetenesta tok i vare 20-dagars regelen innan kreftbehandling for pasientar som hadde behov for utgreiing og behandling på tvers av føretaka.

Dette var eit arbeid som tok til på vårparten 2013. Mykje av arbeidet vart gjort, men ein god del analyser og utskriving vart lagt på is etter at medarbeidar i internrevisjonen slutta. Som følge av oppstart på nye prosjekt, ny medarbeidar og utfordringar i analyse av innhenta dokumentasjon, vart prosjektavsluttinga utsett inn i 2014.

Det har vist seg vanskeleg å slutføre arbeidet utan betydeleg innsats. Det som òg er tilfelle, er at all empiri er blitt utdatert og vil krevje ny dialog med helseføretaka for oppdatering. Dessutan er dette eit område som er inne i ein uvanleg rivande utvikling med ei rekke nye arbeidsprosessar (pakkeforløp) for implementering i 2014/2015.

Dokumentasjonen ligg i internrevisjonen, og vil vere nyttig ved seinare analyser av kreftbehandlinga. Slik situasjonen var ved utgangen av 2014, vart opphavleg prosjekt lagt til sides til fordel for gjennomføring av ny revisjonsplan.

4.6 NYTT PROSJEKT: INNKJØP

Dette prosjektet vart starta opp hausten 2014 og blir avslutta i første halvår 2015.

Formålet med revisjonen er å undersøkje/avklare om innkjøpsområdet i Helse Vest er underlagt ei målretta og effektiv drift, som etterlever lov- og forskriftsregelverk. Ein vil særleg sjå på korleis inngåtte rammeavtaler blir følgt opp og brukt på ein lojal måte.

Prosjektet femner dei fire helseføretaka og RHF-et. Det var ved årsskiftet blitt innhenta ein del analysemateriale, og gjennomført ein del intervju.

4.7 NYTT PROSJEKT: REHABILITERING

Dette prosjektet vart starta opp hausten 2014 og blir avslutta i første halvår 2015.

Formålet med prosjektet er å undersøke om dei private rehabiliteringsinstitusjonane som Helse Vest har avtale med har etablerte kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrifta om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.

Det var ved utløpet av året blitt gjennomført intervju med seks private institusjonar og innhenta dokumentasjon frå dei same. Analysearbeidet var igangsatt. Føretaka vert ikkje berørt direkte av revisjonen, det blir derimot RHF-et som har avtaleoppfølginga med dei private.

4.8 NYTT PROSJEKT: BIERVERV

Saksbehandling knytt til dette prosjektet vart opna like før utløpet av 2014 med sikte på å bruke innleidd bistand. Dette prosjektet blir avslutta i første halvår 2015.

Formålet med prosjektet vil være å undersøke i kva grad helseføretaka følgjer fastsatt regelverk om handtering av bierverv.